

Anne-Karin Eidsheim  
Austfjordvegen 1112  
5981 Masfjordnes

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/644 - 23/6202

Saksbehandlar:  
Frank Kvinge  
Frank.Kvinge@masfjorden.kommune.no

Dato:  
27.06.2023

## Svar på spørsmål om utvida bandtvang

Me viser til dykkar epost dat. 15.06.23 der du ber om at bandtvangsperioden vert utvida til å gjelda heile året i område som er sett av til allmenn ferdsel til og frå dagsturhytta.

Du skriv at dette er rekreasjonsområde med bestemte angitte turstiar til bruk for allmenn ferdsel.

Kommunen har inga lokal forskrift for bandtvang og difor gjeld den nasjonale lova for vår kommune. Det vil seia bandtvang på hund i perioden 1.april - 20.august.

I Hundeloven §6, pkt. C som trådte i kraft 1.1.23 kan kommunen vedta bandtvang mellom anna «på og ved bestemte turstier, turveger, merkede skiløyper, leir- og rasteplasser».

På heimesida til Statsforvaltaren står det følgjande:

«Båndtvang etter punkt 3 og 4 kan ikke fastsettes i større grad enn nødvendig og slik at hensynet til de som ønsker å ferdes med løs hund også ivaretas i tilstrekkelig grad, både hva angår omfang og geografisk spredning.»

<https://www.statsforvalteren.no/portal/nyheter/2023/03/bandtvang-over-hele-landet-fra-1.-april/>

Masfjorden kommune meiner at omfanget av lause hundar i dette området pr i dag ikkje er av eit slikt omfang at det er naudsynt for kommunen å laga eigen forskrift om bandtvang. Etter lova skal alle hundeeigarar alltid ha hunden under kontroll, både i båndtvangstida og elles. Slik vernar hundeeigarane ville og tamme dyr, og unngår også å skremma andre menneske.

Administrasjonen vil med den kjennskapen ein har til det aktuelle området og bruken av dette ikkje sjølv ta initiativ til å innføra eiga forskrift om utvida bandtvang. Kommunen vil følgja med på utviklinga vidare, og dersom utfordringa med lause hundar skulle auka vil ein måtte vurdere dette på nytt.

Kommunen vil likevel på bakgrunn av dykkar brev setja opp fleire skilt som vil minna hundeeigarar på lovverk og plikter knytt til hundehald, både i bandtvangstida og elles.

Med helsing

Sveinung Toft  
ass. rådmann

Frank Kvinge  
kulturskulerektor / fagleiar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

Anne-Karin Eidsheim

Austfjordvegen 5981  
1112

Masfjordnes